



Notat

Dato: 08.12.2015
Arkivsak: 2015/9256-12
Saksbehandlar: marhaa5

Til:
leiargruppa

Frå: Marianne Haaland

Notat til leiargruppa i opplæringsavdelinga vedkomande etablering av tilbod om praksisbrev og val av skular i Hordaland

Forsøksordninga med praksisbrev er forlenga av Udir ut 2017. Udir oppmodar alle fylkeskommunane til å delta, å gi tilbod om praksisbrev.

Fylkesutvalet vedtok i møte 19.06.2014 å starte utprøving av ordninga i Hordaland. I Hordaland er det sett ned ei arbeidsgruppe frå opplæringsavdelinga v/ seksjon skule og fagopplæringskontoret som har fått i oppdrag å sjå på etablering av eit tilbod frå hausten 2016.

I ordninga med praksisbrev blir det gitt praktisk opplæring i to år i videregående opplæring. Etter dette kan kandidatane oppnå og få dokumentert yrkeskompetanse som arbeidslivet kan bruke. Etter praksisbrevordninga kan kandidatane fortsetje opplæringa og ta fagbrev etter full opplæringstid. Praksisbrevet er for mange eit delmål på veg mot fullt fagbrev.

Ordninga med praksisbrev rettar seg inn mot umotiverte elevar med låge prestasjonar og høgt fråvær frå ungdomsskulen og som er lite motiverte for ordinær vg1. Tilbodet skal omfatte ein dag i skule og fire dagar i bedrift. I skule skal elevane ha opplæring i fellesfaga norsk, matematikk og samfunnsfag etter læreplan for vg1 over to år. I tillegg må kontaktlærer eller annan faglærer følgje opp elevane ute i bedrift. Forskinga viser at dette er eit naudsynt kriterium for gjennomføring. Skulen kan samle elevar frå fleire utdanningsprogram i fellesfag, men det er tilrådd å gi opplæring i små grupper. Skulene må sjølv rekruttere bedrifter.

Sjå elles utlysingsteksten som vedlegg.

1. Val av skular

Tilbod om å opprette ordninga med praksisbrev i videregående opplæring i Hordaland, var utlyst på intranett med frist 1.12.2015. Vi fikk søknader frå 5 skular:

Forslag til utdanningsprogram: **Bygg/anlegg, Restaurant/matfag og Service/samferdsel**

Navn på skolen	Utdanningsprogram	Kommentarer	Antall elever totalt
Austrheim vgs	RM og BA	Ønsker en klasse, kombinere i fellesfag	264 totalt BA: 21 RM: 12

		Mange elever m/lav grunnkompetanse	
Arna vgs	BA	En klasse (tømrer, betong, rørlegger) Skal rekruttere bedrifter	113 totalt BA: 41
Bergen maritime vgs	TIP	Ønsker om tilbud på TIP. Lager lokal læreplan hvis ønskelig	
Kvinnherad vgs	SS, BA og RM	Vil rekruttere blant elever m svake resultater/lave inntakspoeng. Skolen har gode kontakter med lærebedrifter. Utfyllende søknad, prosj.org.	402 totalt BA:21 SS: 26 RM: 0
Sotra vgs	Ikke konkretisert	Mange elever i målgruppen. Godt kontaktnett mot bedrifter	807 totalt BA: 39 RM: 25 SS: 30
Åsane vgs	RM (må komme i tillegg til vg1-kurs)	Knapp søknad. Forbehold om finansiering	347 totalt RM: 15

Gruppen vurderte søknadene og finn det føremålstenleg å prioritere ein stor skule som har alle faga, Sotra vgs. Kvinnherad vgs har faga og har laga ein solid søknad, Austrheim kan vere aktuell som ein tredje skule.

Vi foreslår derfor følgjande skular:

1. Sotra vgs
2. Kvinnherad vgs
3. Austrheim vgs

2. Kostnader ved oppretting av tilbodet

Bedrifta skal ha tilskot etter Basistilskot 1, tilsvarande kr. 130.000 over 24 månader.

Elevane skal ha løn som lærlingar eller lære kandidatane (30, 40, 50 og 80% løn). Det er naturleg å ta utgangspunkt i hjelpearbeidar framfor fagarbeidar løn for praksisbrevkandidatane.

Skulane. Tilskot til skule: Bunntilskot for oppretting av klasse RM og BA: ca. 3120.000 + 94.000 per elev
Bunntilskot til SS: 189.000 + 80.200 per elev. Det kan vere aktuelt med 2/5 tilskot til skulane då elevane skal vere på skulen 1-2 dagar per veke. Bedriftene betalar skulen for opplæring i fellesfag etter faste satsar. Skulane som søker om praksisbrev vil i utgangspunktet ha klassetilbodet ordinært. Dvs. at dei får tilskot for tal på elevar. Det må vurderast om klasse med fellesfag for praksisbrevkandidatar skal kome i tillegg til ordinære klasser i same fagtilbod, eller om dei skal erstatte ordinære klassar. Skulen ser for seg at dei kjem i tillegg. Men då må det setjast eit tak med minimumsdeltaking. Utgangspunkt må vere 15 elevar i ein klasse.

For 2016 vil kostnadene berre gjelde frå hausten, dvs. 5/12 av kostnadene for eit skuleår.

Kostnadsoverslag for 2016 med tilbod på 2 skular á 15 elevar- 5/12 i 2016:

Lærlingetilskot: 130.000 : 24 x 5 x 30 = kr. Kr. 812.500

Tilskot til skulane: 2 skular med 1 klasse per skule: gj.snitt 87.000 per elev (satsane varierer mellom utdanningsprogram.) Vi forutsetter at skulen har klassar i MR, BA og /eller SS i utgangspunktet og derfor ikkje får bunntilskot:

Kr. 87.000 x 30 x 5/12 = kr. 1.087.500

I alt i 2016: kr. 1.900.000

Vel vi tilbod på 3 skular, blir kostnaden 2.850.000